



**Anja Strüter på Skorpo har undersøkt alderen på kuer i Noreg og konkluderar med at den mykje omtala kua til Johannes Hauge på øya er den eldste i landet. Ho runda nyleg 20 år og dermed har ho slege den gamle rekorden med 5 år, opplyser Anja. Kua fylte 20 år 5. november og har hatt 15 kalvingar. Ho har bore fram to sett tvillingar.**

Johannes hadde tidlegare så mange som 7 kyr og dreiv med smørproduksjon, men måtte slutta med det då Tine stoppa mottaket. Imidlertid beholdt han den eine kua I tillegg har han 12 sauer og ein ver.

Under siste kalvinga måtte Johannes ha dyrlege til den gamle kua då ho fekk mjølkefeber og dyrlegen rådde frå fleire kalvingar.

Kua kallast Sjeivhodno fordi det eine hornet peikar opp og det andre ned. Det er ei intelligent ku som ventar på Johannes i fjøsdøra og ordna seg sjøl då ho ville til okse. Då opna ho porten og gjekk til naboen, fortel Johannes til Grenda. Men no undrar han på om han snart må kvitta seg med kua. Det vert nok i tilfelle ei tung avgjerd.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Kristian Olav Bringedal